



ÅRSMELDING 2018

Fotballgruppa barn og ungdom

Fotballstyret BU har i 2018 hatt desse medlemmene, med følgjande primæransvarsområde og lagstilknytning:

Leiar jan-mars:	Morten Dahl Sebjørnsen (G8)
Leiar mars-des:	Maria Veia Lund (J9)
Styremedlemmer:	Geir Romslo – økonomi, utstyr (G12)
	Melissa Jørstad Davidsen – sportsleg ansvar, jentesatsing (J11)
	Harald Engesæth – sportsleg ansvar (G10)
	Merethe Fosse – spons (G11)
	Cathrine Gravdal – NIL-cup (G9)
	Sandra Pahr – NIL-cup (J7)

Sesongen 2018 har vi hatt påmeldte lag i følgjande klassar: J7, G7, G8, J9, G9, G10, J11, G11 og G12, i tillegg til G19 påmeldt som samansett lag (Djerv-Nordnes, med to spelarar frå Nordnes).

Fotballgruppa BU hadde per 31.12.2018 100 aktive spelarar (35 jenter og 65 gutar) og 27 trenarar/lagleiarar.

BU-styret har hatt åtte styremøter. I tillegg er det gjennomført to møter i sportsleg utval og eitt møte med trenarar og lagleiarar. Styreleiar eller repr. har vidare deltatt på to møter med NFF Hordaland, sju møter i hovudstyret og eitt informasjonsmøte for foreldre på 1. trinn.

SPORTSLEG AKTIVITET

Før påmelding til sesongen 2018 hadde både det som i 2018 ville ha vore G13 (2005) og J14 (2004/2005) for få spelarar til at det var mogleg å melde på reine Nordnes-lag. For G13 blei det gjort forsøk på samarbeid med SK Djerv, utan at ein kom i mål. Nokre få av desse spelarane meldte overgang til Djerv. For J14 blei løysinga ein samla overgang til IL Sandviken. Fotball BU har dermed i 2018 ikkje hatt ungdomslag utover Djerv/Nordnes G19.

For barnelaga våre har aktivitetsnivået vore høgt gjennom heile året:

Den 13. januar blei Nordnesdagen arrangert av trenarar og foreldre frå 3. trinn (handball og fotball). Som tidlegare år blei det spelt kampar med éin omgang handball og éin omgang fotball, og totalt 75 barn deltok.

Den 5. mai blei det gjennomført klubbtrening der spelarar frå alle lag blei invitert til fellesøkt på Nordnesbanen. Første økt for barn 7-9 år; andre økt for barn 10-12 år. Over 40 barn og seks trenarar og deltok.

Den 26.-27. mai deltok fotballgruppa på Øystese-cup. Cupen er vald ut som vår felles reise-cup og alle lag deltok – fem lag med overnatting og fire lag på dagstur. Helga var prega av fotballglede i strålende sol og sommarterperatur. I tillegg har alle lag deltatt på ulike lokale cuper. Nordnes IL har mellom anna vore representert Trane-cup, Varegg-cup, Sandviken Lerøy jentecup, Trucknor-cup, Brann Sparebanken Vest-cup og Djerv minicup.

NIL-cup blei arrangert over to helger i september. Den 8.-9. spelte 7-9 årsklassane sine kampar og den 15.-16. spelte 10-12 årsklassane sine kampar. Av totalt 59 påmeldte lag, var 13 Nordnes-lag og det blei i alt avvikla 79 kampar.

I september hadde vi også besøk på Nordnesbanen av to portugisiske trenarar frå NF Academy. Desse gjennomførte treningsøkt for G11, med innslag av spelarar frå J11 og andre sentrumsklubbar.

I tillegg har vi starta eit pilotprosjekt for 2007-kullet/11 årsklassen, som går ut på å samle spelarar frå Nordnes IL og andre klubbar til felles treningar i utvalde helger. I tråd med NFF sine retningslinjer og vår eigen sportsplan er føremålet med tiltaket å gi eit ekstratilbod til særleg treningsvillige spelarar, med betre moglegheiter for differensiering enn det vi får til internt i klubben. I tillegg ønskjer vi med dette å skape kontakt mellom både spelarar og trenarar i ulike klubbar, for på den måten å legge til rette for påmelding av samansette lag når eit slikt behov oppstår. Erfaringsmessig skjer dette ved overgang til 9er-fotball, dvs i 12 årsklassen. Tilbod om deltaking på desse «sentrumbtreningane» gjekk til alle spelarane på G11 og J11. Totalt 8 treningar blei gjennomført i oktober-desember og 7 spelarar frå Nordnes deltok på éi eller fleire av øktene. Prosjektet er under løpande evaluering og utvikling, med sikte på å få til eit liknande opplegg for 11 års-klassen i 2019.

Oppstart for G7 og J7 sesongen 2019 er planlagt i mars 2019. To trenarar for G7 og éin trenar for J7 blei rekruttert på informasjonsmøte for foreldre på 1. trinn i november.

KLUBBSAMARBEID

Våren og sommaren 2018 gjorde BU-styret fleire forsøk på å komme i dialog med SK Djerv for å få på plass eit fast samarbeid for lag som har for få spelarar. Formalisert samarbeidsavtale er ikkje på plass, men fleire av laga våre har god kontakt med Djerv-lag i same årsklasse. G10 (G11 sesongen 2019) har sett i gong månadlege fellestreningar med Djerv, med sikte på mogleg samansett lag sesongen 2020. Også G12 har hatt fellestreningar med Djerv og ved årsslutt ligg det føre planar om påmelding av samansett lag i G13-klassen sesongen 2019. Etersom Djerv i 2018 ikkje har hatt lag i G11-klassen, er det gjort sonderingar hos andre klubbar for å undersøkje moglegheitene for framtidig samarbeidsavtale for vårt (nåverande) G11-lag.

BU-styret erkjenner at fotballgruppa både på kort og lang sikt vil vere avhengig av samarbeid for å kunne gi spelarane våre eit stabilt tilbod også i ungdomsfotballen, og vil ha etablering av samarbeidslag som ei prioritert oppgåve framover.

JENTESATSING

BU-styret har innført jentefotball som eit særskilt satsingsområde i fotballgruppa, og har i den samanhengen vedtatt at vi skal ha ein eigen jentefotballansvarlig i styret. Målet er at vi skal ha jentelag i alle årsklassar.

Konkrete tiltak som har vore gjennomført i 2018 er fellestrening i juni for alle våre tre jentelag, der yngre jenter fekk tildelt eldre «fotballfadarar». Vidare blei det i oktober gjennomført fellestrening på Nordnesbanen i regi av Sandviken toppfotball. I oktober deltok også tre trenarar for J11-laget på NFF Hordalands trenartiltak for trenarar som trener jenter.

Fotballgruppa si faste ordning er at det skal etablerast kjønnsdelte lag ved overgangen frå balleik til fotball- og handballag, noko som skjer i mars kvart år. Dette blei understreka i november på informasjonsmøtet for nye foreldre og framtidige trenarar på 1. trinn.

DOMMARUTVIKLINGSPROSJEKT

Sesongen 2019 vil Nordnes IL ha seks fotballag der klubben har ansvar for å skaffe dommar til heimekampane. I tillegg ønskjer BU-styret å skape eit dommarmiljø i fotballgruppa, som eit aktivitetstilbod til nåverande og tidlegare spelarar med interesse for dømning. På denne bakgrunnen har BU-styret starta eit dommarutviklingsprosjekt som skal setjast i kraft i 2019. Prosjektet skal legge grunnlaget for ei målretta og systematisk oppbygging og utvikling av fotballdommarmiljøet i klubben. Som del av prosjektet har BU-styret rekruttert August Trønnes som dommaransvarleg. August deltok saman med styreleiar på NFF Hordaland si samling for dommarkontaktar den 6. desember.

TRENARUTVIKLING – KURSING

Den 22. november blei det halde trenarmøte i Krutthuset for alle trenarane og lagleiarane i klubben. Dei sportsleg ansvarlege i styret presenterte sentrale utdrag frå sportsplanen og

innleia om temaet «gode treningar» før det blei opna for diskusjon. Ca 15 trenarar/lagleiarar deltok.

BU-styret ønskjer at flest mogleg av trenarane tar kurset Grasrottrener (C-lisens), delkurs 1 og eventuelt 2. Ved inngangen til 2018 hadde fire av trenarane våre tatt delkurs 1. I løpet av 2018 har ytterlegare tre trenarar tatt dette kurset. Det er også gjort avtale med NFF Hordaland om gjennomføring av barnefotballkveld i klubben primo 2019.

ADMINISTRASJON

BU-styret har i 2018 hatt som målsetning å betre informasjonsflyten og kommunikasjonen i fotballgruppa, både mellom styret og trenargruppa og mellom trenarane. I den samanhengen har facebook-gruppa som blei oppretta på slutten av 2017 fungert godt. Her blir det formidla info om vedtak i styret, invitasjonar til kurs og ulike arrangement i kretsen, cup-invitasjonar m.m. Gruppa blir også brukt for å ta imot påmelding til trenarmøter, klubbtreningar og annan koordinering av aktiviteten.

Som eit ytterlegare tiltak har BU-styret utarbeidd eit informasjonsskriv som ligg tilgjengeleg for alle trenarane i facebook-gruppa. Skrivet bygger på gjeldande vedtekter og sportsplan for Nordnes IL, NFFs retningslinjer for barnefotball og fotballstyrets praksis og vedtak, og inneheld praktisk informasjon og sentrale sportslege retningslinjer for trenarar og lagleiarar for barnefotballag (6-12 år).

Vidare har BU-styret hatt som mål å sikre kunnskapsoverføring til framtidige styremedlemmer på ein best mogleg måte. I den samanhengen er det gjort fleire tiltak. Som døme kan nemnast innføring av ordning med erfaringsnotat etter avvikling av Nordnesdagen, opprydding i BU-styrets Dropboks, og utarbeiding av meir detaljerte handlingsplanar for planlegging og gjennomføring av NIL-cup.

Eit anna tiltak som skal nemnast er oppretting av e-postkonto for BU-styret (fotballnil@gmail.com). Føremålet er å unngå bruk av private e-postadresser i saker som gjeld Nordnes IL, for dermed å sikre transparens, at viktige e-postar blir følgt opp og ein smidig overgang når nye personar overtar styreverv.

I løpet av 2018 har BU-styret også utarbeidd oversyn over eksisterande nøklar til ballrom og Krutthuset (med og utan tilgang til kontor) og hatt dialog med Idrettsservice vedrørende problem med avrenning på Nordnesbanen og fukt/manglande varme i ballrommet. BU-styret engasjerte seg også i spørsmålet om plassering av stativ for bysyklar ved Krutthuset, både i form av telefonisk kontakt med kommunen og innsending av skriv med forslag til ulike alternativ. Vi oppnådde å få flytta stativet frå den planlagde plasseringa ved trappene ned frå grusområdet, til eit området nærmare muren mot Akvariet. Endringa innebar at stativet er til vesentleg mindre sjenanse under NIL-cup og elles enn det som var situasjonen i 2017.

For å sikre at BU-styrets oppgåver blir følgt opp på ein god måte, samtidig som styreverv skal la seg kombinere med jobb og familieliv, er det føretatt visse organisatoriske grep internt i

styret. Særleg viktig i den samanhengen er at ansvaret for NIL-cup 2019 og kommande år er skilt ut frå leiarvervet. I tillegg er ansvaret for klubbtreningar m.m. lagt til dei sportsleg ansvarlege.

ØKONOMI

Utgiftene i fotballgruppa BU har i 2018 ligge under budsjett. Årsaka er mellom anna at ein del planlagde innkjøp av utstyr er sett på vent som følgje av manglande lagringskapasitet, og at færre trenarar enn det vi budsjetterte med har gjennomført Grasrottenar-kurs. Samtidig har inntektene ligge over budsjett som følgje av eit svært godt resultat for årets NIL-cup (ca kr 72 000).

Trenarhonorar har i 2018 vore kr 3 000 for lag som spelar 3er- og 5er-fotball og kr 4 000 for lag som spelar 7er- og 9er-fotball. BU-styret har elles oppjustert satsane for dommarhonorar samanlikna med fjoråret og vedtatt at dommarhonorar skal refunderast av BU-styret og ikkje dekkast av trenarhonoraret, slik ordninga var før.

Styret har løpande supplert utstyrlageret med nye ballar, vestar, pumpe m.m. og har kjøpt inn to nye småmål til bruk under NIL-cup.

Nordnes, 21. februar 2019

Maria Veia Lund
Leiar Fotballstyret BU